



Ingen tvil, her bor Sydvest! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter lang tids førebuing er det nå endeleg klart for den nye lokalfjernsynskanalen TV Sydvest, som får basen sin i det tidlegare Samyrkelagsbygget i Uskedalen (Uskedalsvegen 584). Det blir etablert eit fjernsynsstudio i andre høgda der i desse dagar.

.Dei første prøvesendingane kjem i mai, opplyser ansvarleg redaktør og dagleg leiar Ronny Lakselv i ei pressemelding torsdag føremiddag. Han er frå Uskedalen og busett her.

For å få inn TV Sydvest må ein anten vera TV-kunde hjå Kvinnherad Breiband, då TV Sydvest inngår i alle kanalpakkane deire, eller ha tilgong til www.tvsydvest.no via internett.

- TV Sydvest blir ein spanande arena der fleire aktørar vil vera med og syta for eit interessant innhald med god breidde, lovar mannen bak satsinga.

- Stoffet vil i hovudsak bli henta frå Kvinnherad og "omkringliggende herligheter", opplyser han. Innsida, T-Hansen Reklame, Vårdal Elmedia og andre blir medaktørar. Bedriftene i distriktet får ein heilt ny arena for promotering av arbeidsplassar, produkt og tenester. Ei anna positiv side ved satsinga kan vera at det vert mogeleg å samarbeida med lokale medielinjer, heiter det i pressemeldinga.

Lakselv vil byggja opp sendeflata gradvis med nye program. I byrjinga vil TV Sydvest tilby ein "vekerevy" med forskjellige innslag.

Av Ola Matti Mathisen